

# Sentrale kurs

Er omfatta av §§ 11 og 27 i føresegna. På Fordelingsutvalets heimeside ([www.fordelingsutvalet.no](http://www.fordelingsutvalet.no)) vil de finne føresegna med lenker til desse paragrafane, og forarbeid som rører ved dei. Seinare vedtak som set presedens vil verte å finne i utvalets presedensarkiv som også er tilgjengleg på nemnte heimeside.

## Viktige punkt om sentrale kurs!

- Har aktiviteten eit pedagogisk innhald som er i samsvar med føresegna sitt føremål, § 1? (Husk at årsmøte, styremøte og andre vedtektsfesta møter ikkje vert rekna som kurs, men at kurs i tilknytning til slike kan vere teljande. Sånne kurs må sjølvsagt vere i tråd med resten av kriteria.)
- Er kurset vedteke av sentralledet i organisasjonen?
- Har sentralledet vore faglig og økonomisk ansvarleg for kurset?
- Har det pedagogiske innhaldet på kurset hatt ein varigheit på minst 10 klokkeimar?
- Har det vore program med pedagogisk innhald i minst 4 klokkeimar i gjennomsnitt pr. kursdag?
- Har kurset gått over minimum 2 kursdagar? (Desse treng ikkje vere samanhengande. Husk at det vert gjeve utteljing for maksimalt 7 kursdagar)
- Har kursdeltakarane som er rekna med vore til stades minst 75 % av kurstida?
- Har det vore minst 10 deltakara på kurset? (Desse treng ikkje vere teljande medlemmar av organisasjonen i grunnlagsåret, men det må sjølvsagt vere teljande deltakara til stades for å få utteljing. Ein får kun utteljing for teljande medlemmar)
- Har det vore færre enn 100 deltakara (teljande og ikkje-teljande) totalt på kurset? (NB: Dersom kurset har over 100 deltaka (teljande og ikkje-teljande) kan kurset IKKJE takast med i søknaden)
- Har deltakarane bustadsadresse i minst 3 fylke eller er dei tilknytte minst 5 lokallag? (Husk at ein deltakar kun kan reknast som tilknytte eitt lokallag.)
- Har det vore minst en kursledar, som ikkje reknast som kursdeltakar?
- Er kurset arrangert i fellesskap med andre organisasjonar? (Begge organisasjonar kan føre opp kurset, men merk at den enkelte organisasjon kun får utteljing for sine respektive teljande medlemmar)
- Har kurset gått over eit årsskifte ("nyttårskurs")? (alle deltakardagane for dette kurset skal telje med i grunnlagsåret for kurset sin sluttdato)

## Kursets varigheit

- *Kurs skal gå over minimum 2 kursdagar og det vert gjeve utteljing for maksimalt 7 kursdagar:*  
Det vil seie at ein ikkje kan ta med kurs med kun ein kursdag, og ein får ikkje utteljing for fleire enn 7 kursdagar. De må gjerne ha 9 kursdagar, men får altså kun stønad for 7 av desse. Kursdagane treng ikkje å vere samanhengande.
- Det pedagogiske innhaldet på kurset må vere minst 10 klokkeimar. Det skal vere program med pedagogisk innhald i minst 4 klokkeimar i gjennomsnitt pr. kursdag. I gjennomsnitt per dag betyr til dømes at ein kan ha 3 timar ein dag og 7 timar ein annan. Det er gjennomsnittet som tel. Merk at antalet klokkeimar for pedagogisk innhald på kurset som heilskap må nå 10 klokkeimar. 4t + 6t går greitt, men 4t + 5t går ikkje, sjølv om gjennomsnitt pr. dag er oppfylt.

## Kursets deltakarar

- På kvart kurs må det vere minst 10 deltakarar, og ikkje meir enn 100 deltakarar:
  - Føresegna seier ikkje noko om at desse må vere teljande medlemmar. Til dømes kan det på eit kurs vere 10 deltakara kor berre 6 er teljande medlemmar. Det gis kun utteljing for organisasjonens teljande medlemmar som deltok på kurset.
  - Har ein over 100 deltakara på eit kurs, teljande eller ikkje-teljande, kan ikkje dette kurset tas med i søknaden. Sjølv ikkje om det bare var for døme 70 teljande medlemmar som deltok. Totalantalet er avgjerande.

Under fylgjer 6 dømer. De tre fyrste dreier seg om kursets varigheit, deretter to dømer om kursets varigheit og deltakara, og til slutt eitt om kun deltakara.

### Døme 1:

3-dagars helgekurs.

15 deltakara kjem fredag kveld. Det er ikkje organisert kursprogram på fredag. Laurdag har ein 8,5 timar kurs (pedagogisk innhald), søndag 3,5 timar før avreise. Til saman har ein hatt 12 timar pedagogisk innhald, og kurset har vart i tre dagar - 15 deltakara x 3 dagar = 45 deltakardagar. Sjølv om ein ikkje hadde kursprogram på fredagen "starta" kurset denne dagen, og sida ein har nok pedagogisk innhald til at det gjennomsnittleg vert 4 timar for dei tre dagane, får ein utteljing for alle.

### Døme 2:

3-dagars helgekurs.

15 deltakara kjem fredag ettermiddag. Det er 4,5 timar med pedagogisk innhald på fredagen, 7,5 timar på laurdagen. På søndagen er deltakarane med på ein gudsteneste før dei reiser heim. Til saman har ein hatt 12 timar med pedagogisk innhald, og kurset har vart i tre dagar - 15 teljande deltakara x 3 dagar = 45 deltakardagar. Sjølv om ein ikkje har pedagogisk innhald på søndagen har ein nok timar til at gjennomsnittet vert over 4 timar for dei tre dagane og ein får utteljing for alle.

**Døme 3:**

3-dagars helgekurs.

15 deltakara kjem fredag ettermiddag. Det er 2,5 timar med pedagogisk innhald på fredagen, 5,5 timar på laurdagen og 5 på søndagen. Til saman har ein hatt 13 timar med pedagogisk innhald, og kurset har vart i tre dagar - 15 teljande deltakara x 3 dagar = 45 deltakardagar.

**Døme 4:**

3-dagars helgekurs.

15 deltakara kjem fredag ettermiddag. Fire av deltakarane er ikkje teljande medlemmar i organisasjonen. Det er 3 timar med pedagogisk innhald fredag, 3,5 på laurdag og 4,5 på søndag. Til saman har ein hatt 11 timar med pedagogisk innhald. Dette er ikkje nok for å kunne telle med tre kursdagar (gjennomsnitt 4 timar pr. dag) og ein har 11 teljande deltakara x 2 dagar = 22 deltakardagar. Husk at ein kun får stønad for teljande medlemmar i eigen organisasjon.

**Døme 5:**

7-dagars kurs

Det er planlagt eit kurs i budsjett rutiner og kontoplanar i "Unge tallinteresserte si foreining". Kurset skal haldast fyrste laurdag i årets sju fyrste månader. Det er sett av 4 timar med pedagogisk innhald på de fyrste fem laurdagane og 5 timar de to siste. 20 deltakara er påmelde. Fire deltakara kan ikkje møte opp dei to siste laurdagane. Til saman har ein hatt 30 timar med pedagogisk innhald, og kurset varte i 7 dagar. Fire av deltakarane har kun deltatt på 67 % av samla kurstid (20 av 30 timer) og disse kan ikkje teljast med i og med kravet om at deltakarane må vere til stades minst 75 % av kurstida.

16 deltakara \* 7 dagar = 112 deltakardagar.

**Døme 6:**

4-dagars kurs

Foreininga "Unge sangstruper" vil halde kurs i allsong. Dei har invitert breitt til kurset og 110 deltakara møter opp. Kurset har 5 timar med pedagogisk innhald alle dei fire kursdagane. Organisasjonen vil likevel ikkje få utteljing for kurset i og med kravet om at det på kvart kurs ikkje kan vere fleire enn 100 deltakara. Kurset skal heller ikkje takast med i søknaden.

### **Dokumentasjon (§ 27):**

For organisasjonane er det viktig å syte for at dokumentasjonen er på plass så tidleg som mogleg etter kurset sin slutt. Det er vanskeligare å samle inn dokumentasjon i ettertid. Når søknaden vert sendt skal kun kurs kor dokumentasjonen er fullstendig takast med. For kurs vert det krevd fylgjande dokumentasjon:

- a) Invitasjon til kurset. Dette kan vere ordinært brev, e-post, brev om nyhende, utskrift frå webside med invitasjon med meir.
- b) Program for kurset. Dette skal vise korleis kurset faktisk vart gjennomført. Det må vere nok detaljert for at det skal vere mogleg å vurdere om programpostane har eit pedagogisk innhald som er i samsvar med føresegna sitt formål. Tidspunkta for programpostane skal gå klart fram av programmet.
- c) Deltakarliste. Denne skal innehalde namn, adresse, fødselsår, lokallagstilknyting og eventuelt organisasjonstilknyting på alle deltakarane. Organisasjonstilknyting er spesielt viktig når ein har arrangert kurs i samarbeid med andre organisasjonar. Av lista skal det gå fram at deltakarane har vore til stades minst 75 % av tida. Det er fleire måtar å gjere dette på. Mange lager avkryssingsfelt bak kvar kursdag kor det vert kryssa av for deltaking. Andre skriv ei setning om at det stadfestast at deltakarane har vore til stades minst 75 % av tida på kurset. Deltakarlista skal til slutt daterast og signerast av kursledaren.
- d) For alle kurs skal det gjevast ein kort skildring av korleis sentralleddet er fagleg og økonomisk ansvarleg for kurset.